


K A R I R A M S T A D

# GRISE- BOKA MI




**NYNORSK**

**Norges Bondelag  
Den grønne skulen**

Griseboka mi er laga for barn i alderen 6-10 år. Det finst også ei rettleiing med tips for lærarar til arbeid med husdyr. Materialet kan tingast i nettbutikken på bondelaget.no

# PURKA



Hoa vert kalla purke.  
Hannen vert kalla râne.  
Ungane vert kalla grisungar.


Grisen stammar frå villsvinet. Grisen er eit flokkdyr.  
Han likar å leve saman med andre grisar. Grisen er nysgjerrig og lærer fort.

Grisen ser dårleg, men luktesansen er god.  
Når to griser møtest, tek dei til å snuse på kvarandre.  
Neste gong dei møtest, kjenner dei kvarandre att på lukta.

Grisen har mange ulike lydar.  
Grisen gryntar rolig når han «pratar» med andre grisar.  
Dersom det skjer noko nytt eller uvanleg i grisehuset, vil du høyre høge hyl frå grisane.  
Purka har mange ulike gryntelydar som fortel grisungane kva dei skal gjere.

Grisen et mest kraftfôr, men han liker nesten allslags mat. Grisen er altetande slik som mennesket. Grisen drikk vatn.

# OG RÅNEN




I Noreg er det ei lov som fortel korleis fjøs og bingar skal vere og korleis grisen skal ha det, slik at grisen skal få leve eit godt griseliv. Ein fornøgd gris har krøll på halen.

Grisen er eit reinsleg dyr, og han er nøye med å ha ein fast plass der han skit. Då kjem han ikkje borti skiten sin når han leiter etter mat eller kviler. Dersom grisen går ute, rullar han seg ofte i søle. Det gjer han for å avkjøle seg.

Purka og rånen vert sleppt saman slik at dei kan pare seg. Mange purker vert kunstig befrukta.

Grisungane vert fødd tre månader, tre veker og tre dagar etter paring.

# GRIS-



Ei purke får som regel eit kull med omlag 12 grisungar to gonger i året.  
Ei purke har 14-18 spenar.


Før purka skal føde, samlar ho saman halm med trynet sitt, for å lage eit «reir» til ungene.

Nokre få minuttar etter at ein grisunge er fødd, finn han vegen til ein spene. Den første mjølka som kjem frå spenane vert kalla råmjølk. Råmjølka vernar grisungane mot sjukdomar.

Purka ligg på sida og gryntar når grisungane skal få mjølk. For at det skal kome mjølk, puffar grisungane til spenane med tryna sine. Når mjølka kjem, lagar purka ein eigen gryntelyd. Du høyrer at ho er nøgd.

I førstinga krangler grisungane om den spenen som har mest mjølk. Oftast er det den største og sterkaste i kullet som får denne. Når dei er ferdige med å krangle, er det vanleg at alle grisungane har kvar sin faste spene.

# UNGANE



Dei første vekene får grisungane berre mjølk frå purka.  
Etter kvart som grisungane veks seg større, et dei mest kraftfôr.

Grisungar veg rundt 1,5 kilo når dei vert fødde.

Grisungane går i bingen saman med purka til dei er ca fem veker gamle.  
Då er dei så store at dei ikkje lenger treng mjølk frå purka.

Dei fleste grisane vert slakta når dei er ca fem månader gamle.  
Då veg dei litt over 100 kilo.  
Dei beste ungpurkene får vekse opp og får grisungar.


# SVINAKTIG

Bøndene i Noreg produserer nok grisekjøt til alle som bur her i landet. Grisekjøt er næringsrikt og sunt. Av grisen får vi mykje god mat.


Pizza med skinke




Kotelett




Medisterpølse




Medisterkaker



Egg og bacon



Sylte




# GODT ...


I dag kjøper dei fleste maten sin i butikken. Maten ligg ferdig delt i passe store stykke, anten i kjøtdisken eller ferdig pakka i frysedisken.

Om du spør bestemor eller bestefar, eller ein annan som har levd lenge, kan dei kanskje fortelje deg at det var annleis då dei var barn.


Spekeskinke



Leverpostei




Rull



I gamle dagar brukte dei grisebust på tannbørsten.



# FRÅ KORN TIL KRAFTFÔR



Bonden haustar kornet med ein skurtreskar, og køyrer det til mølla med traktor og tilhengar, eller med lastebil.

På mølla vert kornet male til mjøl. Mjøl frå fleire kornslag vert blanda saman for å lage kraftfôr. Det vert og blanda inn protein, vitamin og mineral i kraftfôret. Det vert laga ulikt kraftfôr til purka, grisungane og dei store slaktegrisane.

Teikningar: Bjørn Stangebye  
Revidert 2011  
ISBN 978-82-7712-092-8